

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 86

Namnet på vatnet Kjervallvatnet

Kommune Eigersund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen.

K J E R R V A L L V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 12. august 1986.

Vatnet ligg i Eigersund kommune, aust for det nedlagte gardsbruket Kjerrval, med Torborgfjellet i nord-aust og Staksholsknuten i sør. H.o.h. 152 m.

Arealet er omalg 25 ha.

Vatnet vart prøvefiska for første gong den 17. august 1970. Konklusjonen den gongen var, at vatnet var næringsfattig og surt, og med fåre for at fisken ville gå ut i dei næraste åra framover.

I dei 16 åra som er gått sidan dette prøvefisket, så har det synt seg at fiskebestandet har gått tilbake år for år. Rekrutteringa har svikta og vatnet var på det næraste fisketomt då Dalane Jeger og Fiskeforening overtok i 1984.

Det første som D.J.F. sette i gong med var kalking og ca. 2 tonn kalk vart spreid ut i 1984.

I 1985 kom kalkinga i gang for fullt og i alt vart det dette året spreid ut 48 tonn kalksteinmjøl.

pH målingar før kalking synte ca. 4.8 og 14 dagar etter kalking vart pH målt til 6.3.



Sjølv om det var eit minimalt fiskebestand i Kjerrvallvatnet vart det i 1984 sett ut 500 stk. setjefisk frå Hellelandsvassdraget.

I 1985 vart det vidare sett ut 3 000 sjøaureyngel og 1 000 einsomrig sjøaure frå klekkeriet.

For å sjå resultatet av kalking og fiskeutsetjing m.v. vart så dette prøvefisket foreteke.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt var 26 ferskvassaure og 4 sjøaurar.

Vi har på neste side sett opp ei grafisk framsyning og fangsten fordelt på garnomfar og cm-klassar.




Det vart teke prøver av alle fiskane (unnateke sjøauren) og av desse var 18 røde, 6 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøttet. Vidare var det 16 hanfiskar og 10 hofiskar. 3 av fiskane var angripne av parasittar. 21 fiskar var gytefisk - 5 stk. gjellfisk. Den største fisken vi fekk var 470 gram og medelvekta av prøvefiskane var 327,2 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	5.0	9.6	15.0	20.8	24.2	31.2	32.3
Årleg lengdetilv. i cm	5.0	4.6	5.4	5.8	3.4	7.0	1.1
Antall fiskar	26	26	26	26	26	13	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.01 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Kjerrvallvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Konklusjon.

Ut frå den foretekne fiskeprøven kan vi slå fast, at den utførte kalkinga i 1984/85 har slått positivt ut, og vatnet inneheld i dag eit fiskebestand av fin, matnyttig aure. Som nemnt var Kjerrvallvatnet på det næraste fisketomt då Dalane jeger- og fiskeforening overtok, slik at det i mange år har magasinert seg opp eit visst næringsforråd, og dette har då slått ut grunna kalkinga. Både flora og fauna gir uttrykk for dette. Fylgjeleg var alle fiskemagane fulle og kvaliteten god. Ein pH på 6.4 er heller ikkje det vanlege

i fiskevatna i dag.

Ser vi på omfarfordelinga, så syner denne fisk på alle garna som vart sette.

Cm-klasseinndelinga syner at sjøauren er å finna i storleiken 16.1-22.0 cm., medan den utsette fisken og event. fisk som det frå før av var i vatnet, har storleik 28.1-37.0 cm. Ungfisk av ferskvassaure vart ikkje fanga og den utsette fisken har hatt liten variasjon i alders-samansetjing.

Kondisjonsfaktor, vekstkurve og kjøttfarge peikar alle i same retning. Tilhøva synes for tida gode og fisken første-klasses.

Kor vidt fisken vil formera seg i tilsig og avlaup er det ennå for tidleg å seia noko sikkert om, men det er all grunn til å tru at det vil skje ei viss rekruttering. Om denne er stor nok til å halda eit høvande fiskebestand i Kjerrvallvatnet er eit anna spørsmål. Mykje kan vel tyda på, at ein også i åra framover må regulere fiskebestandet ved hjelp av utsetjing av ferskvassaure.

Den utsette sjøauren vi fekk var fin i form og med K-faktor presis 1.00. Det er grunn til å tru at mykje av denne reint instinktmessig vil gå ut av vatnet, men noko vil sansynlegvis bli verande att. Sjøaure som ikkje går ut vil normalt bli fin fisk i vatna, men nødvendigvis ikkje betre enn den vanlege innlandsauren.

Praktiske tiltak.

Kalkinga må halda fram i omlag same omfang som før. Ved å ta fleire pH-målingar gjennom året, og til ulike årstider, vil ein kunna koma fram til ei høvande kalkdosering.

Vatnet kan opnast for stangfiske mot løysing av fiskekort. Ein vil såleis kunna få innkomer til vidare kultiveringsarbeid. Problemet med fiskekort kan vera den utsette sjøauren. Denne er ofte "bitevillig" samstundes som den er i minste laget for oppfisking. Det burde kanskje setjast ei minstelengd på t.d. 20 cm for oppfiska fisk. Skulle ein få fisk under minstemålet, må denne setjast utatt. Dei som steller med vatnet må ha høve til eit avgrensa

garnfiske utpå haustparten og då med stormaska garn (14 omf.). På denne måten vil ein kunna nyttiggjera seg den større fisken.

Vidare kan ein førebels halda fram med fiskeutsetjing i dei næraste åra og eit høvande utsetjingstal vil vera omlag 300 setjefisk. Denne kjem då i tillegg til ei forventta rekruttering. Om mogeleg 1-2 åreg setjefisk, som helst burde vore merka (finneklipt).

Det må takast eit nytt prøvafiske om 3-4 år for å sjå om tilhøva har endra seg.

Kjerrvallvatnet er litt av ei perle, og det er eit prisverdig arbeid som Dalane J.F.F. har utført, til glede for dei mange som nettopp vil prøva fiskelukka i dette vatnet.

Stavanger 5/6-87

Einar Berg